



# Tilvenning i barnehagen

## Tjemslandshagen Barnehage



«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørslse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.» Rammeplanen s.33

## Nytt barn i barnehagen

- Velkommen til oss!
- Besøksdagar
- Bli kjent i nærmiljøet
- Tilvenningsdagar
- Oppstartssamtale
- Overgangsobjekt
- Kontaktperson
- Trygghetssirkelen
- Dei fyrste vekene
- Tips og råd
- Trygt å vere- kjekt å lære

# Tilvenning i barnehagen

## Tjemslandshagen Barnehage



### Velkommen til oss!

I dette dokumentet finn du dei råd og anbefalingar vi nyttar i vår barnehage. Vår visjon er trygt å vere – kjekt og lære, og målet med tilvenninga er at barnehagen kan verte ein trygg hamn for barnet der det kan trivst og utvikle seg. For å få til det er

det viktig med god informasjon. Vi har foreldremøte for nye foreldre før sommarferien, meir informasjon og besøksdagar får dykk i eit brev før oppstart.

### Besøksdagar

Vi har 2-3 besøksdagar før sommarferien. Tanken er at du kjem saman med barnet ditt og leiker, sit på golvet, les ei bok, og bare er her saman med oss. Du har ansvar og passar på barnet ditt, men besøker oss slik at de saman kan verte litt kjent med oss, og vi med dykk. Her vil vi og gje deg bilete av oss som skal arbeide tettast med barnet ved oppstart. Dette kan de henga synleg heime, slik at bileta og namnet på personalet etter kvart vert eit kjent fjes for barnet.



### Bli kjent i nærmiljøet

Vi oppmodar også dykk som familie å nytte barnehagen sitt flotte uteområde i helger og på ettermiddagar. Gjentakande besøk og hyggelege opplevingar i barnehagen er ein viktig del av tilvenninga. Der foreldre og familie har det god saman, der kjennes det etter kvart trygt å vere.



### Tilvenningsdagar

Vi brukar ein foreldreaktiv modell i tilvenningsdagane for at vi i barnehagen kan bli kjende både med barnet og foreldre.

Vi anbefaler at du set av god tid, slik at barnet ditt får bli kjent med barnehagen i sitt tempo. Vi anbefaler at du og familien planlegg to veker til dette. Dei første tre dagane saman med barnet i barnehagen, og dei neste dagane med kortare dagar. Vi forventar at barnet er maks 5-6 timer i barnehagen dagleg dei to fyrste vekene.

### Oppstartssamtale

Vi ynskjer å ha ein oppstartssamtale før barnet starter i barnehagen. Denne er med den pedagogiske leiaren som skal vere på barnet sin avdeling. Tid for samtalen vert nærmare avtalt.

### Overgangsobjekt

Eit overgangsobjekt er noko som er kjend for barnet frå heimen, som også er med i barnehagen. Det kan vere ein tut/smokk, ei kosefille eller ein kosebamse. Det kan gjere særlig godt for små barn å kjenne dei same luktene, og dei same



sansane ved å ta på kjente ting. Nokon treng desse til kvil og andre når dei er lei seg og treng trøyst. Det er godt at det er noko som er kjent, når mor eller far sitt trøystande blick og fang skal erstattast med andre omsorgspersonar. .

## Kontaktperson

Når de kjem i barnehagen vert de tekne i mot av barnet sin kontaktperson. Kontaktpersonen skal ta seg ekstra godt av og verte ekstra godt kjend med ditt barn, slik at barnet raskt kan få ein god relasjon til den og verte trygg på han/ho. Dette er spesielt viktig den fyrste tida. Etter kvart er målet at barnet vert trygg på alle vaksne på avdelinga.

## Trygghetssirkelen

Vi brukar trygghetssirkelen som eit pedagogisk verktøy i tilvenninga. Den handlar om at barnet bevegar seg i ein sirkel der vi vaksne er hendene som er ein trygg hamn for barnet i starten på sirkelen. Når barnet er trygt bevegar barnet det seg ut i sirkelen og utforskar omgivnadane. Når barnet vert slitent og treng dei vaksne igjen går det tilbake til hamna si for å få omsorg. Målet med tilvenninga er at vi i barnehagen gradvis kan bli ein sekundær tilknytingsperson for barna. Det vil seie at vi kan vere den trygge hamna for barnet når det er i barnehagen.

Under tilvenninga, ønskjer vi at, du sett deg ned ein stad ( gjerne på golvet) der barnet ser deg når ho er i leik. Ikkje flytt så mykje på deg, slik at barnet ikkje kjennar på eit ansvar for å passe på kor du er. Vi kallar det at du er ein trygg base for barnet. Smil til barnet når barnet ditt ser opp på deg for å få støtte, eller ha fanget ledig viss barnet ditt treng å få tryggleik gjennom kroppskontakt. Det er viktig for barnet ditt å sjå at du er trygg, mellom anna gjennom at du snakkar med personalet og dei andre barna.

## Dei fyrste vekene

Dette er eit forslag, alle barn er individuelle, og vi justerer oss etter dei. Eldre barn treng kanskje mindre tid i forhold til yngre.

Dag 1: Ver saman med barnet heile tida. Ca. 2 timars dag	Nå de kjem fyrste dagen vert de møtt av kontaktpersonen. Dei fyrste dagane er de som foreldre aktive og leikar med barnet og lar barnet utforska avdelinga. Foreldra har hovudansvaret for barnet.  Ta med: eit klesskifte, tøflar, overgangsobjekt og bilete av familien til barnet.
Dag 2: Ver saman med barnet heile tida, Ca. 2-3 timars dag	Denne dagen er de med på eit måltid og kontaktpersonen vert enda betre kjend med barnet. De fleste barna er trøtte etter mat
Dag 3: Ver tilgjengelege heile dagen. Maks 5-6 timars dag.	Foreldra er aktive denne dagen også, denne dagen kan vi prøve å legge barnet om vi ser at barnet er klar for det.
Dag 4-14: Ha korte dagar dei 2 første vekene (maks 5-6 timar)	Dei neste dagane tilpassast etter korleis det går med det enkelte barnet. De har tett dialog med kontaktperson.  Når det er tid for å gå i frå barnet er det viktig at du seier skikkeleg hadet og viser at du går. Vær trygg, men bestemt. Mange lagar eit rituale som dei gjennomfører, dette skapar ein forutsigbarhet for barnet. Barnet erfarer at du går, men også at du kjem tilbake. Ring oss om du er urolig.  Barna får mange nye inntrykk og blir ganske slitne. Lenger dag = fleire inntrykk. Vi oppmodar om at de ikkje fyller resten av dagen med for mange aktiviteter og besøk i denne tida, men har tid til å bare vere saman med barnet.

## Tips og råd

- Lytt til barnas signal og følg deira behov
- Sett av god tid på morgonen – unngå stress
- Sett ord på barnets kjensler, vis at du prøvar å forstå.
- Vær trygg og roleg sjølv
- Snakk positivt om barnehagen
- Når du hentar barnet er det viktig at du er tilgjengeleg for barnet. (augekontakt, smil, sett deg ned, hald ut armar).
- Gå når du har avtalt det med barnet. Vær trygg, men bestemt. Ring oss om du uroleg.

## Trygt å vere- kjekt å lære

